



Gro Fyllingsnes
Fyllingsnesvegen 113
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/238 - 19/16527

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
24.05.2019

Varsel om ulovleg oppsett gjerde langs gbnr 213/61, Fyllingsnesvegen 359

Lindås kommune ser at det dei siste dagane er montert opp eit gjerde langs eigedom gbnr 213/61 i Fyllingsnesvegen 359. Dette plankegjerdet er ulovleg sett opp og må, med heimel i veglova §§29, 30 og 43, fjernast med umiddelbar virkning.

Gjerdet er sett opp utan godkjent løyve eller dispensasjon. Det er plassert slik at det hindrar sikt langs den kommunale vegen. Det er ikkje lov å bygge eller setje opp byggverk eller andre hindringar høgare enn maks 0,5 meter målt frå vegbana, i siktsoner. Samstundes er det krav om dispensasjon frå byggegrense mot veg dersom det vert sett opp gjerde, murar eller beplantning innanfor 15m frå vegkant eller 4m frå eigedomsgrensa der byggegrensa er regulert.

Vegavdelinga i Lindås kommune vil følgje opp saka og ber om at gjerdet vert fjerna innan kort tid.

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Sikthinder

Kopi til:
Avdelingsleiar veg
Fagansvarleg veg
Inspektør veg
Sakshandsamar veg



Mottakarar:

Cato Danielsen
Gro Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 5913
113

EIKANGERVÅG